




Nissedal kommune
Eining for oppvekst og kultur

Vedtekter for skulefritidsordninga i Nissedal kommune

Gjeldande fra 01.01.2024



Vedteke i kommunestyresak 77/23

1. Føremål

Skulefritidsordninga skal vere eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod før og etter skuletid for barn i 1. - 4. trinn i Nissedal Kommune, og for barn med særskilde behov i 5-7. trinn, jf. Opplæringslova §4-5 (Trer i kraft 1.08.24).

Mål:

- Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik og kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna.
- Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår.
- Innhold og virksamhet skal være pedagogisk begrunnet og sjås i samanheng med skulens øvrige pedagogiske virksamhet. Nasjonal rammeplan for SFO er førende og den lokale kommunale planen er forpliktende både for SFO, rektor og kommunen.

2. Styringsstruktur og organisering

Nissedal kommune er eigar og drivar av skulefritidsordninga. Eining for skule har skulefritidsordninga som ein del av sitt ansvarsområde. Det er SFO-tilbod ved Kyrkjebygda oppvekstsenter og Tveit skule, herunder også tilbod ved Fjone/Felle barnehage. Rektor/styrar ved den respektive skulen/barnehagen er administrativ- og fagleg leiar. Samarbeidsutvalet ved skulane handsamar saker som gjeld skulefritidsordninga.

3. Ordinære opningstider

Kvar skule har eigne opningstider for sin SFO-avdeling.

Sjå opningstider på heimesida til kommunen.

Nye barn i skulefritidsordninga startar opp ved skulestart.

Elevar på 4.trinn har plass t.o.m. siste skuledag.

SFO i feriar og skulen sine fridagar

Den ordinære betalinga for SFO gjeld tilbod knytt til dei 190 skuledagane.

Det blir gitt tilbod om SFO i feriar og nokre fridagar. SFO er stengt i juleferien og påskeferien.

Tilbod om ferie-SFO blir gitt ved Tveit skule og ved Kyrkjebygda oppvekstsenter.

Det er eigne betalingssatsar i skulen sine feriar. Desse ligg på heimesida til kommunen.

4. Bemanning

SFO skal ha ei grunnbemanning med ein tilsett per 11-13 barn til stades, rekna ut frå eit gjennomsnitt for veka.

5. Opptak av barn

Søknad om plass skjer via Visma. Søknadsfrist for hovedopptaket er 1.april. Rektor er ansvarleg for opptaket.

6. Opptaksreglar

I Nissedal kommune ønskjer ein at SFO-tilbodet skal vere eit tilbod til dei som har behov for ordninga. Vi tek sikte på å alltid ha plass til alle som ønskjer det. Dersom det skulle vere oversøknad, vil ein prioritere å gje plass til barn med særskilte behov, og barn av eiforforsørgjarar.

7. Opptaksperiode og oppseiingsfrist

Hovudopptaket gjeld frå ein får plass til utgangen av fjerde skuleår. Barn med særskilte behov kan etter søknad få plass i SFO ut over 4.trinn.

Foreldre kan søkje om endring av tilbodet i opptaksperioden.

Frist for oppseiing av plass er 1 månad, og oppseiinga skjer gjennom Visma. Dersom plassen blir sagt opp etter 1. april, må ein betale for plassen fram til sommarferien.

Ved manglande betaling kan barnet miste plassen i SFO.

8. Måltid

Dersom barna får mat på SFO, vert måltida fakturert etter sjølvkostprinsippet.

Pris på måltid finn du på heimesida til kommunen.

9. Økonomi

Foreldra betalar ein månadspris for opphaldet i skulefritidsordninga.

Betalingssatsane for SFO handsamast og fastsettjast separat av kommunestyret.

For plass i skulefritidsordninga vert det betalt for 10 månader (½ august, september – mai. ½ juni).

For tilbod i feriane må ein betale ekstra.

Betaling for feriar og enkeltimar vert fastsett administrativt.

Desse prisane finn du på heimesida til kommunen.

Gratisplass

Alle i 1. og 2. trinn har inntil 12 timer gratis SFO-tilbod. Gratisplassen gjeld frå dei startar på SFO i 1.klasse til dei tek sommarferie i 2.klasse. Frå hausten 24 gjeld denne ordninga også 3. og 4.trinn.

I feriar blir 2 av 5 dagar gitt gratis for elevar på 1. og 2. trinn. 3.og 4. trinn frå hausten 24.

Søskenmoderasjon

Det blir gjeve søskenmoderasjon dersom du har fleire barn i barnehage og i SFO.

Sidan Nissedal kommune gir søskenmoderasjon på tvers av barnehage og SFO, er ordninga slik:

- Du betalar full pris for det barnet med det dyraste tilbodet
- For barnet med det nest dyraste tilbodet får du 30% søskenmoderasjon
- Vidare er det 50% søskenmoderasjon for resterande søsken

Redusert foreldrebetaling

Du kan søkje redusert foreldrebetaling for SFO på 1.-4.trinn, dersom:

- 1) Foreldrebetalinga for eitt skuleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet det siste året, eller
- 2) Det er ein varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år som gjer at foreldrebetalinga for eitt skuleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet
- 3) Friplace i SFO for barn frå heimar med samla inntekt under 4G.

For søknader før 1. august gjeld kommunen sitt vedtak frå 1. august og ut skuleåret. Blir det søkt etter 1. august, gjeld vedtaket frå første heile månad etter søknadstidspunktet og ut skuleåret.

Merknadar til forskrift om foreldrebetaling i barnehage seier dette:

Moderasjon omfatter søsken som bor fast sammen. Barn anses for å være fast bosatt på den adressen der de til enhver tid er registrert i folkeregisteret. I de tilfellene der foreldre har avtalt delt bosted for barnet, skal barnet, i beregning av søskenmoderasjon, anses for å være fast bosatt begge steder/med begge foreldrene. Samværsforeldre kan derimot ikke påberope seg søskenmoderasjon for andre og tredje barn. Søsken defineres som helsøsken og halvsøsken, stesøsken defineres utenfor. Fosterbarn regnes som søsken.

10. Skyss

Når det gjeld skyss til og frå SFO, er det foreldra sitt ansvar.

11. Godkjenning

Godkjenning av lokale og areal blir delegert til kommunedirektøren.

12. Fastsettjing av vedtekter

Kommunestyret fastsett vedtekten.